

## UTTALE FRÅ LO I KVAM I SAMBAND MED HØYRING OM REGULERING AV HAVBRUK I HARDANGERFJORDEN

LO i Kvam deler dei bekymringsmeldingane som kjem frå fleire hald rundt situasjonen for villfisk og særleg den nordatlantiske laksen, aure og sjøaure. Det har vore sett i verk ei rekke tiltak dei siste åra. Dei tiltaka departementet no meiner tek vare på dei mindre lokale aktørane på ein god måte, meiner me ikkje er korrekt. At forslaget inneber ei lik behandling medfører nødvendigvis ikkje alltid ei rettferdig og god behandling.

Det me då spesielt tenkjer på er på kva måte mengda opprettsfisk vert regulert på.

Likebending med 3 løyver og 25% utnytting av dei andre løyva får ulik konsekvens alt etter korleis aktørane er organisert (oppdelt i ulike einingar, konsern- modell t.d..) Ein lokal operatør vil også ha eit nærare forhold til lokalmiljø og eit større insitament i høve til å satse på tiltak som minskar ureining og rømd fisk enn dei stor internasjonale selskapa.

I Kvam har me ein lokal aktør (Lingalaks) som utover oppdrett også er medeigar i eit lokalt slakteri som er avhengig av tilførsel av råstoff. Det føreligg planar for nyinvesteringar i slakteriet, noko som er nødvendig for å sikra arbeidsplassane.

LO i Kvam er svært urolege for at Lingalaks vert tvinga til å flytta anlegga vekk frå Kvam og me på den måten vil misser arbeidsplasser. Lingalaks har vist og viser vilje til innovasjon og utvikling av metodar for å betre miljøforhold kring opprettsnæringa.

LO i Kvam bed difor departementet i større grad å ta omsyn til lokale næringsaktørar som gjennom driftresultata bidreg til lokal innovasjon og fornying.